



**INFORMASJON TIL DEG SOM SKAL
TIL DAGKIRURGI PÅ
KYSTHOSPITALET I HAGEVIK**

Generell informasjon

Denne foldaren inneholder generell informasjon til alle pasientar som skal til dagkirurgi på sjukehuset.

FØR OPERASJONEN

Aktivitet /trening med krykker

Vær i så mykje aktivitet som du klarar, då dette medverkar til at du kjem deg raskare etter operasjonen. Dersom du skal ha ein operasjon som gjer at du må bruka krykker, er det ein fordel å ha trent krykkegang på førehand. Krykker kan du låna hos oss.

Ernæring

Før og etter operasjonen er det viktig å ha eit sunt og næringsrikt kosthald. Det er spesielt viktig at du får i deg proteinar. Gode proteinkilder er fisk, fugl, kjøt, mjølk, ost og egg. Sunn kost førebyggjer at du blir unødvendig slapp etter operasjonen, gir betre sårtiheling og kan redusera komplikasjonar.

Røyking

For å redusera risikoen for lungeproblem og betre sårtiheling, anbefalar vi at du ikkje røyker 8 veker før og 4 veker etter operasjonen. Du bør også begrensa bruk av snus.

Medisinar

Du skal ikkje ta medisinar operasjonsdagen, men ta dei med til sjukehuset, så avgjer legen kva medisinar du skal ta før operasjonen. Dette gjeld òg blodtrykksmedisinar.

- **Marevan**

Har du kunstig hjerteventil og bruker Marevan skal du ikkje slutte



med tabletane før operasjonen. Bruker du Marevan for hjerte-flimmer, blodpropp eller hjerneslag skal du ikke ta tabletane dei 3 siste dagane før operasjonen. Ta kontakt med sjukehuset i god tid før operasjonen slik at vi kan rettleie deg.

- **Plavix, Ticlid og Persantin**

Desse medikamenta kan auke risikoen for blødning, men er som regel viktige å ta for å unngå blodpropp. Du skal derfor alltid gje beskjed til oss dersom du bruker nokon av desse.


- **Acetylsalisylsyre**

Du som bruker Albyl E (75 eller 160 mg) kvardag mot sjukdommar i hjerte eller kar, skal bruke desse medisinane heilt fram til operasjonen. Du må ikke bruke større dosar enn dette. Dei siste 2 vekene før operasjon må du heller ikke bruke andre preparater som inneholder acetylsalisylsyre (f.eks. Aspirin, Donobid, Dispril, Globentyl, Globoid, Novid og Asasantin Retard).

- **P- piller**

Det er ikke nødvendig å slutte med P-piller eller hormonpreparater før dagkirurgi.

- **Kosttilskudd og naturpreparater**
som f.eks **Q-10, Vitamin E og C-vitaminer i store dosar** skal du som hovedregel slutte med 2 veker før operasjonen



- **Andre medikament** kan brukas som normalt, men ta kontakt hvis du er i tvil.

Din helsetilstand

Hvis du blir forkjøla, får feber, får ein urinveisinfeksjon, tanninfeksjon eller annan infeksjon i kroppen når det er mindre enn sju dagar til du skal opereras, må du ringe sjukehuset.

Ved dagkirurgi må huden i operasjonsområdet vere heil og fin, uten kviser, sår eller rifter.

Har du vore behandla på sjukehus utanfor Norden i løpet av dei siste 12 månadene, må du gje oss beskjed snarast mogleg.

I verste fall kan desse tinga føre til utsetting av operasjonen, pga. økt fare for komplikasjonar/infeksjonar.

Dersom du skal opereras i fot eller hand, må du rense og klippe negler 2-3 dagar før operasjonen.

Kva skal du ta med?

- Komfortable klede, og sko som sit godt på foten og er lette å ta av og på.
- Oppdatert liste over alle medisinar og naturpreparater du bruker.
- Eventuelt krykker.
- Minst mulig pengar, ikkje smykker og andre verdisaker.
- Lesestoff, pc, mobiltelefon, osv.

KVELDEN FØR OPERASJONEN

For å forebygga infeksjon i operasjonssåret, må du fjerna ringer, smykke, piercingar, neglelakk og sminke, og du må dusje og vaske håret. Du som skal opereras i fot eller hand må fjerne neglelakk og kunstige neg-

ler. Frå midnatt må du faste, dvs. at du ikkje kan ete, suge drops, tyggegummi, snuse eller røyke. Du kan drikka klare væsker som vatn og saft fram til kl. 06.00 operasjonsdagen. Du skal ikkje ta dine faste medisinar om morgenon operasjonsdagen dersom det ikke er avtalt med oss. Ta medisinane med så du kan ta dei etter operasjonen. Det er òg viktig at du tar med deg evt. inhalasjonsmedisin.

Avbud

Dersom du blir forhindra frå å komme, får ein betring i symptoma eller ikkje lenger ønsker operasjon, må du snarast råd gje beskjed til oss på tlf. 56 56 58 00.



OPERASJONSDAGEN

Oppmøte

Du møter i pasientmottaket i 1.etg til avtalt tid. Deretter går du til venterommet på poliklinikken i 2.etg. Før operasjonen vil kirurgen gå gjennom sykehistoria di saman med deg, og gjere ei siste vurdering. Du får møte anestesilegen og anestesisjukepleien som skal ha ansvaret for bedøvelsen, og du blir så klargjort til operasjon.

Venting

Operasjonane blir utført i tidsrommet mellom kl 0800 og 1400.

Det kan bli noko ventetid, så ta gjerne med lesestoff eller pc. Du får

ligge i seng mens du ventar.

Operasjon

Personalet følger deg til operasjonsavdelinga der du blir møtt av anestesipersonalet som gir bedøving til operasjonen. Du får lagt inn 1-2 venekanylar på handa som du får væske gjennom.

Personalet på operasjonsstua vil gjere det beste for deg denne dagen, slik at operasjonen blir trygg og smertefri. Du blir heile tida overvaka og passa på.


Bedøvelse

Ved dagkirurgiske operasjonar får du enten narkose, lokalbedøving eller ein kombinasjon av dette.

ETTER OPERASJONEN

Når operasjonen er ferdig blir du overført til oppvakningsavdelinga, der du skal vere eit par timer. Operatøren vil informera deg om operasjonen og kva som skjer vidare. Operatøren vil òg skrive ut nødvendige reseptar, sjukemelding eller andre dokument avhengig av operasjonen som er gjort.

Du vil få tilbod om mat og drikke etter operasjonen, og det er viktig å komme seg opp og i bevegelse så snart som råd.



Smerte

Smerte etter ein operasjon er ikkje uvanlig. Dette blir førebygga og lindra med smertestillande medikament. Du skal starte med smertestillande tabletta før heimreise, og fortsette med dette heime etter legen si dosering. Målet er at du skal ha god smertelindring.



Aktivitet/opptrenings

Det er viktig å komme raskt i aktivitet etter operasjonen. Du vil få informasjon av legen din om vidare opptrenings, avhengig av kva type operasjon som er gjort.

Komplikasjonar

Etter alle kirurgiske inngrep kan det inntreffe komplikasjonar som urinveisinfeksjon, lungebetennelse og blodpropp. Det viktigste for å førebygga blodpropp er at du kommer raskt på beina og trener.

Eit viktig tiltak for å unngå infeksjon, er god handhygiene.

Heimreise

Du kan ikkje kjøre heim sjøl etter operasjonen.

Heimreisa vil nok bli kortast og mest behageleg om du blir henta av ein pårørande. Dersom dette ikkje er råd, organiserer vi felles heim-

transport ("samkjøring"). Reisekostnader blir uansett dekka av Helse Vest. (For reisa til sjukehuset før operasjonen blir vanligvis kostnader for offentlig transport dekka.)

Eventuell kontrolltyme og betalingsgiro vil bli tilsendt etter operasjonen.



Sår og sting

Hvis såret er lukka med oppløysbar tråd, får du strips som skal sitte på i ca 12 dagar, men hvis dei løsner eit par dagar før er det greit. Andre sting må du få fjerna hos fastlegen etter 10-14 dager, avhengig av operasjon.

Dusjing.

Du skal ikkje dusje dei første 48 timane etter operasjonen. Svømming og karbad må du unngå til arret er dekka av glatt og blank overflate uten tegn til lekkasje, vanligvis etter 4-6 veker. Hvis du får aukande smerter og huden blir rød, hoven, varm eller det væsker frå såret, må du ta kontakt med oss på Kysthospitalet.

Bandasjen skal helst sitte på urørt i 48 timer. Ved små blødninger i bandasjen kan den dekkas med ein rein kompress. Dersom bandasjen blir gjennomtrukke av blod, våt eller urein, bør den skiftas.


Gips

Hold foten eller armen som er gipsa høgt heva, helst over hjertehøgde, dei første dagane. Ved for trang gips må du ta kontakt med sjukehuset snarast mogleg. Unngå at gipsen blir våt.

Heim igjen

Du skal ikkje være aleine heime den første kvelden og natta etter operasjonen. Sørg på førehand for at nokon kan være hos deg.

Ein sjukepleiar vil ringe til deg dagen etter operasjonen for å høyre om du har det bra, og svare på eventuelle spørsmål du måtte ha.



PRAKTISKE OPPLYSNINGER

Aviser kan kjøpas i Pasientmottak kl 08.00-16.00 på kvardagar.

Internett. Det er gratis trådløst nettverk på sengepostane.

Kantine finnes i 1. etasje. Åpen kl 10-15 alle hverdager.

Krykker kan lånas på sjukehuset operasjonsdagen.

Minibank. Det er ikke minibank på sjukehuset, men du kan betale egenadel for operasjonen, krykker og varer i kantinen, med bankkort.

Mobiltelefon er tillatt. Dekningen er dessverre ikke like god alle stader på området.



Notater:



Adresse Hagaviksbakken 25, 5217 Hagavik

Sentralbord 56 56 58 00

www.kih.no